

Ekstern skulevurdering

Tilbakemelding frå vurderingsteamet



Ekstern skulevurdering VÅREN 2022

Nesflaten
oppvekstsenter -
Suldal

A photograph of three young children, two girls and one boy, wearing purple hooded sweatshirts. They are gathered around a tablet computer, looking at the screen with interest and focus. The scene is dimly lit, with the light from the tablet illuminating their faces.

Utviklingsområde

Motivasjon og lærelyst på fådelte skular

Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit framtidsbilde som skal visa korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi ser det i forhold til elevar, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd kriterier og teikn på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står i forhold til
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringer i opplæringslova og læreplanen (LK20)
- Presentasjonen gir råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet



FRAMTIDSBILETE

- Barn og unge ved Nesflaten oppvekstsenter opplever eit trygt og godt miljø
- Vårt fokus er på eit inkluderande fellesskap. Det som er bra for den eine er ofte bra for den andre
- Me har ei undrande og strukturert tilnærming til barn og unge som strevar
- Barn og unge opplever meining, meistring og medverknad.
- Alle partar bidreg med positiv interesse og energi i læringsarbeidet og læringsmiljø
- Me ser blanda alderstrinn som berikande for læringsmiljø og læringsarbeid



KRITERIER

- Trygt og godt læringsmiljø
- Elevane opplever meining i læringsarbeidet
- Elevane opplever fagleg og sosial meistring
- Elevane har medverknad i eige læringsarbeid
- Profesjonsfellesskapet fungerer etter intensjonane i gjeldande styringsdokument



Metodar


- Dokumentasjon
- Samtale med elevar, føresette og tilsette
- Samtalar med rektor/einingsleiar
- Observasjon over eit par dagar i ulike situasjonar

Kriterium 1

Trygt og godt læringsmiljø

Me har sett/opplevd:

- Elevar som bryr seg om kvarandre og gjer ting saman
- Fagleg og pedagogisk dyktige lærarar som følgjer opp elevane sine
- Lærarar som vil elevane sine vel og gir emosjonell og fagleg støtte
- Ein skule som har sett inn kloke tiltak for å styrke skulemiljøet ('Miljø møte' annakvar fredag og kursing av personalet i COS)
- Elevar som seier at det som hovudregel er meir fokus på meistring enn prestasjon på denne skulen



Kriterium 2

Elevane opplever mening i læringsarbeidet

Me har sett /opplevd:

- Engasjerte og reflekterte elever på alle trinn!!
- Mange lærarar som legg vekt på å kople lærestoffet opp mot elevane sin kvardag og interesser
- Elevar på småtrinnet som synest skule og læring er heilt topp



Kriterium 3

Elevane opplever fagleg og sosial meistring

Me har sett/oplevd:

- Mange elevar som opplever at dei meistrar noko
- Elevar som meiner dei lærer mykje i dei fleste fag
- Lærarar som gir elevane læringsstøtte tilpassa deira behov og elevar som opplever at dei får dette
- Lærarar som skapar eit læringsklima der det er 'lov' å gjere feil, fordi det er noko ein kan lære av



Kriterium 4

Elevane har medverknad i eige læringsarbeid

Me har sett/opplevd:

- Teikn på at elevar medverkar i eige læringsarbeid
 - kunne kome med forslag
 - få velga arbeidsmåtar
 - kunne påverke lærarane sine val av tema
 - velja korleis dei vil vise kompetansen sin



Kriterium 5

Profesjonsfellesskapet fungerer etter intensjonane i gjeldande styringsdokument

Me har sett/opplevd:

- Lærarar som samarbeider om undervisning, t.d. gjennom fleirfaglege opplegg
- Det er ein tidsplan for ulike møte i personalet
- Open dialog og samarbeid blant dei tilsette om utfordringar i skulekvardagen



**DU GJERE DAGEN MIN GOD!
TUSEN TAKK
FOR AT DU HENGER OPP
JAKKA OG SKOA DINE**



Andre sterke sider vi har sett

- Skulen er flink til å bruke nærmiljøet
- Felles aktivitetar og arrangement
- Gode fysiske rammer både ute og inne
- Godt utstyrt bibliotek
- Engasjerte og positive føresette



Trygt og godt miljø

RÅD TIL VIDARE ARBEID:

1. Byggje vidare på dei gode erfaringane med 'Miljø møte' og sjå korleis dette kan utviklast vidare
2. Byggje vidare på kompetansen frå COS-kurs og knyte dette opp mot Suldal kommune sin strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule (2021)
3. Auke heile skulen sin kompetanse for å skape og vidareutvikle eit trygt og godt skule- og læringsmiljø, gjennom bruk av Suldal kommune sin 'Rettleiar for trygt og godt skulemiljø'
4. Bruke elevar og føresette som ressursar i arbeidet med trygt og godt skule-/læringsmiljø



Elevane si læring og utvikling

RÅD TIL VIDARE ARBEID:

1. Involvere elevane som ressursar i arbeidet med læring og utvikling, fagleg og sosialt
 - Planleggjing
 - Gjennomføring
 - Vurdering
2. Styrke felles forståing for bruken av læreplanen (LK20) som bevisst grunnlag for dei pedagogiske og didaktiske vala ein tar
3. Nytte dei moglegheitene som ligg i samarbeidet med dei andre fådelte skulane og partnerskapet med HVL for å styrke motivasjon og lærelyst på denne skulen



SDURUN SAMNBY

På samme lag

Samarbeid mellom hjem og skole



Heim-skule-samarbeid

RÅD TIL VIDARE ARBEID:

1. Leggje til rette for open dialog og godt samarbeidsklima mellom føresette og mellom leiinga og føresette for å møte felles utfordringar
2. Bruke dei føresette som ressursar i arbeidet → Byggje eitt lag
3. Lage system som avklarar forventningar og sikrar nødvendig informasjonsflyt mellom skulen og dei føresette



Profesjons- fellesskapet

RÅD TIL VIDARE ARBEID:

1. Sikre felles forståing for kva skulebasert kompetanseutvikling er og korleis det skal gjennomførast
2. Avklare bruken av felles møtetid, skilje mellom drift og utvikling
3. Avklare roller, ansvar og forventningar i leiing av og deltaking i utviklingsarbeidet

Spørsmål til refleksjon:

- Kva skal vere typisk for Nesflaten skule? Korleis må vi jobbe saman for å nå eit felles framtidsbilete?
- Korleis kan vi forankre eit framtidsbilete og ta felles eigarskap til utviklingsarbeidet på skulen vår? → leiing, tilsette, elevar, føresette i lag

Vidare prosess:

- Kommunen tar initiativ til eit samarbeidsmøte mellom skulefagleg rettleiar, kontaktperson PPT og rektor ved skulen. Dette blir gjort like over påske.
- I møtet blir det laga ein plan for korleis skulen skal ta med råda i gjennomføring av sitt skulebaserte kompetanseutviklingsarbeid.
- I møtet blir ein også samd om korleis PPT og fagrådgjevar kan gi støtte til arbeidet som skal bli gjort.

Nesflaten Oppvekstsenter